



Hagellia Matstove AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: Ref.:5ESQKN- Skjemanr.:533
Vår: 15/1423 - 15/26249

Saksbehandlar:

Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:

11.08.2015

Søknad om økonomisk tilskot

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Lindås kommune er positiv til søknaden frå Hagellia Matstove AS og vil gje følgjande støtte:

- Lindås kommune dekker utvikling av heimeside med inntil 20.000kr (50% av prosjektkostnadane)
Tilskotet kan betalast ut på forskot, då ber me om å få tilsendt eit kontonummer. Lindås kommune ynskjer også ein enkel oversikt som viser kva pengane er brukt på, etter at prosjektet er ferdig.

Lindås kommune ynskjer lykke til!

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.
Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Saksopplysningar/vurdering:

Tidlig i 2015 starta Bjørn Olav Hagesether opp kantinedrift i eit 150m2 stort lokale i Hagellia 6, Dampen.

I tillegg til å driva kantina i eit næringsbygget som husar 60-70 tilsette på huset, leigar selskapet og ut lokale til åremålsdagar, dåp, konfirmasjon, bryllaup osv.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Tenestane er alt godt motteke i marknaden, men verksemda ynskjer no å få utvikla ei heimeside, for å bli enno meir synleg. Prosjektet er stipulert til å kosta 40.000kr, og verksemda søkjer næringsfondet om 25.000kr i tilskot (62,5% av prosjektkostnadane). Lindås kommune er opptatt av å leggje til rette for god og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling, og ynskjer spesielt velkommen nye bedriftsetableringar som fører til arbeidsplassar og verdiskaping. Det er spesielt interessant for næringsfondet å involvere seg i bedriftsetableringar. Vidare er det spesielt viktig at satsinga i næringsbygget Dampen lukkast. For at næringsbygget skal tiltrekke seg innovasjonskraft, kreativitet, skapartrang og arbeidsplassar er det viktige med støttefunksjonar som kantinedrift m.m. Lindås kommune sitt næringsfond har som føremål å styrka næringsliv og sysselsetting i kommunen.

Lindås kommune sitt næringsfond kan maksimalt dekkje inn 50% av totale prosjektkostnadar, noko som også står i retningslinjene for fondet.

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jorunn K Fosse

Mottakarar:

Hagellia Matstove AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ